

# **Referat frå årsmøtet i Jøsneset bygdaråd**

Møtet var i Trivselstova torsdag 05.03.18

Møtestart 19.00

Antall frammøtte: 26

Rådmannen, Victor Juul, hadde meldt forfall til møtet.

## **1. Val av møteleiar**

Leiar: Unni T Fossaa

Skrivar: Rasin Tjeltveit

## **2. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Samrøystes godkjend

## **3. Årsmelding og rekneskap for Bygdarådet 2017, og budsjettforslag for 2018**

Samrøystes godkjende.

Revisor ga skryt for rekneskapen, og meinte dette var nesten perfekt.

Han hadde berre 2 merknadar:

1. Tidlegare utarbeidd inventar- og utstyrsliste bør oppdaterast og leggjast ved rekneskapen som fast rutine.
2. Tilbakemelding frå Bygdarådet på «Tiltak» ifølgje revisjonsmelding, og vedtak om godkjenning av rekneskapen frå Årsmøtet skal leggjast ved dei årlege rekneskapene.

## **4. Årsmelding og rekneskap for Jøsneset bedehus 2017, og budsjettforslag for 2018**

Samrøystes godkjende.

## **5. Val**

Marit Wyller gjekk ut or styret etter 2 år.

Valkomiteen sitt forslag blei samrøystes vedteke.

Unni Fossaa – attvald leiar for 1 år.

Nytt styremedlem – Ingeborg Westersjø

Varamedlemmer – Sondre Fosså og Øyvind Oaland for 1 år.

Valnemnd – Cesilie Wåland gjekk ut, medan Marit Wyller blei vald for 3 år.

Revisor – Attval på Oddvar Skiftun for 2 år

## **6. Ny organisering av bedehusstyret.**

Viser til skriv frå bedehusstyret i saka.

Forslaget frå bedehusstyret er at bedehusstyret skal bestå av 4 medlemmer. Dei ønskjer vidare at årsmøtet for Jøsneset bygdaråd vel 2 medlemmer til styret kvart år, og at det er valkomiteen der som kjem med forslag til dette.

Det blei vedtatt at styret for bedehuset og styret i bygdarådet set seg saman og kjem med forslag til organisering og praktisering. Når dette er klart, blir det innkalla til ekstraordinert årsmøte, slik at det nye styret kan etablerast etter årsmøtet i bygdarådet 2019.

Utvalet som består av styra, skal bl.a. ta stilling til desse punkta:

- Kven er «bygda»?

- Blir bedehusstyret ei undergruppe av bygdarådet?
- Skal styret bruke bygdarådet sitt organisasjonsnummer?
- Skal det avgjerast ved loddtrekning kven av styremedlemmene som skal gå ut neste år
- Skal dei to medlemmene som blir valde, vere styremedlemmer i bygdarådet eller ikkje?
- Kva ansvar og organisering har styret?

## **7. Grendahusfunksjon – status pr i dag, organisering og drift vidare**

Leiar, Unni T Fossaa, orienterte om den pågåande saka.

Kommunen vil bygge om taket på gymbygget slik at alt blir mønt. Kostnaden blir ca 300 000 kr, men kommunen har ikkje råd til å gjere dette før om fleire år. Rådmannen har derfor spurt om bygda kan sponsa arbeidet, og om eventuelt kor mykje. Går bygda inn for sponsoring, vil rådmannen lage sak for formannskapet for å prøve å få arbeidet gjort så raskt som mulig.

Forslaget frå styret i bygdarådet er at bygda sponsar med maks 100 000.

Vedtak: Bygda sponsar med 100 000 kr og styret får ein reserve på 20 000 til disposisjon. Betingelsen for sponsoring er at arbeidet blir gjort snart.

På møtet blei det spurt etter ein tidlegare avtale om at det skulle utarbeidast ein tilstandsrapport for bygningane.

Når det gjeld den bruksavtalen som skal framforhandlast, blei det presisert at ein må få med at inventaret på skulen er bygda sitt.

Det blei elles orientert om at gamlebygget bør malast dette året

## **8. Forslag om innkjøp av nye treningsapparat**

Innkjøpet blir eventuelt i samarbeid med Jøsneset helselag.

Det blei nedsett ei gruppe på 3 personar som skal komme med forslag til innkjøp.

Dette er Silje Sværen, Svanhild Hj. Gbada og Jarle Langvik.

Gruppa skal også sjekke muligheter for å søkje om midlar til dette, og eventuelt søkje om det.

## **9. Smashing Jøsneset 2018 – orienteringsak**

Odd Fosså orienterte.

Hanne Sørvåg skal ha konsert, og The Kvednabekkjers skal spele opp til dans.

Arbeidet med å skaffe sponsorar er i gong.

Det er nødvendig å bygge om scenen før arrangementet. Den som er nå, er for liten. Det vil bli vurdert om ein skal byggje på same plassen, eller om den skal byggjast inn i bakken mellom den asfalterte plassen og ballbingen. Det skal også vurderast om ein skal mure framsida med stein frå Randøy. Arbeidet vil truleg komme på ca 10 000 kr.

## **10. Eventuelt**

### **1. Nauste – funksjon etter ombyggjing av ferjestøa i Nesvik.**

Bygningane kjem til å bli rivne, og eventuelt flytta over på andre sida av kjørefelta. Jarle og Cesilie kjem til å avslutte si verksemd der borte, og oppmoda andre eventuelle interesserte til å komme på banen. Viss ingen melder si interesse, vil det venteleg berre bli bygd venterom og toalett.

Det blei vidare orientert om at piren ved ferjekaia etter ombyggjinga ville bli stengd for all trafikk, med unnak av dei som skal av/på hurtigbåten. Kaien blir stengd med bom.

Det er ikkje planlagd kai for ambulansebåt eller anna trafikk.

Planane blir snart utlagde til høyring, og bygdarådet blei oppmoda om å behandle saka då.

## **2. Jøsneset ungdomslag**

Sven Gil Westersjø orienterte:

I 2017, på årsmøtet, blei laget si framtid diskutert. Det er for tida svært få medlemmer og dermed liten aktivitet. Det er vanskeleg å få folk til å vere i styret, og motivasjonen til å drive laget vidare, er låg. Det blei derfor diskutert om laget skal leggjast ned, og pengane overførast til bygdarådet.

På årsmøtet for 2018 vil saka komme opp att, og det vil då bli gjort vedtak om vidare skjebne.

Før Bygdarådet eventuelt overtek pengane deira, må vedtekten studerast og følgjast.

## **3. Stadnamn**

Svanhild Hj. Gbada orienterte:

Ho og Ingeborg Westersjø arbeidar med å få fleire namn inn på kartet, og i samband med dette vil dei snart kalla inn til eit ope møte. Dermed vil det bli mulig å lage meir namneskilt som kan utplasserast. Medlemmene på årsmøtet ga uttrykk for at prosjektet hadde vore veldig positivt, og det var interesse for å arbeide vidare med dette. Tidlegare har ein prioritert å lage namneskilt i tilknytning til turstiane. Nå kan det bli aktuelt både langs hovudvegane og langs sjøen i tillegg.

Til slutt overrekte Unni T Fossaa blomar til Marit Wyller, som gjekk ut or styret. Ho ga henne mange lovord, både for arbeidet som kasserar og for arbeidet med biblioteket. Marit har sagt seg viljug til fortsatt å ha ansvaret for biblioteket.

Rasin Tjeltveit

Sekretær